9	<p>Bør kontrollutvalet gjere meir og/ eller mindre av noko?</p>	<p><i>Kunne kanskje gått endå meir detaljert inn i enkeltområde i den kommunale drifta, til dømes når det gjeld handsaming og oppfølging av enkeltsaker, og vedtak gjort av hovudutval og kommunestyre.</i></p> <p><i>Det kunne vert mindre revisjonsprosjekter. Meiner verdien av det som kjem tilbake er lågt.</i></p> <p><i>Ein rapport pr. år hadde vore nok.</i></p>
10	<p>Korleis fungerer samhandlinga med revisor?</p> <p>Kva kan gjerast betre?</p>	<p><i>Har positivt inntrykk av dette samarbeidet, men det er jo ikkje noko «tett» samarbeid. Utvalet har følgd opp dei kommentarane revisor har hatt – og dei har ikkje vore mange</i></p> <p><i>Veldig god samhandling med revisor. Han møter opp og svarer på spørsmål, tru ikkje han kan gjere noko meir.</i></p> <p><i>Sørgje for at ein er meir konkret når det vert bestilt ein rapport/utredning av ein sak slik at dei problemstillingane ein ønskjer å belyse blir svara på.</i></p> <p>OK</p>
11	<p>Korleis har arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll fungert?</p>	<p><i>Når det gjeld plan for forvaltningsrevisjon har den fungert godt. I forhold til plan for selskapskontroll har vel utvalet hatt ein litt meir perifer rolle.</i></p> <p><i>Dette er bortimot bortkasta pengar.</i></p> <p><i>Har blitt betre etter kvart som utvalet blei flinkare til å komme med utfordringar og konkrete krav.</i></p> <p>Ok</p>
12	<p>Korleis har samhandlinga med sekretariatet fungert?</p> <p>Kva kan gjerast?</p>	<p><i>Dette fungerer veldig bra.</i></p> <p><i>Me har eit velfungerande sekretariat, og samhandlinga her vore god. Ser ikkje noko spesielt forbedringspotensiale.</i></p> <p><i>Helt fint, veit ikkje kva som kunne bli gjort betre.</i></p> <p><i>God kommunikasjon og oppfølging.</i></p>

13	Kva forbetringstiltak kan gjennomførast?	<p><i>God gjennomgang av kva slags arbeid utvalet skal drive med og så skoling. Alle bør vere med på planleggingssamlinga med etatar og kommunestyremedlemmer.</i></p> <p><i>Veldig bra at det er tyngde og erfaring i personell som er medlemmer, slik det har vert denne perioden.</i></p>
14	<p>Kontrollutvalet og henvendingar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- frå innbyggjarar</li> <li>- tilsette og andre folkevalde utvalet sitt syn</li> </ul>	<p><i>Innspel frå innbyggjarar blir handsama på ein formell og respektfull måte. Det kan ta litt lang tid før endeleg svar kjem etter behandling i utvalsmøte pga. få møte. Frå tilsette og folkevalde har utvalet ikkje hatt formelle innspel.</i></p> <p><i>Henvendingar frå innbyggjarane når kanskje ikkje fram i utvalet.</i></p> <p><i>Dei henvendingane som har kome, er blitt tatt på alvor og handsama med respekt.</i></p> <p><i>God erfaring frå denne perioden. Ok å fortsette på same måte.</i></p>
15	Kva bør opplæringa for det nye kontrollutvalet innehalde og kor omfattande bør det vere?	<p><i>Opplæringa bør vera grundigare enn ho har vore til no. Ein bør gå grundigare inn i dei «standardoppgåvene» som naturleg ligg til kontrollutvalet, men også gå inn på saksområde der kontrollutvalet på ein naturleg måte kan ta eige initiativ, og korleis ein skal opptre då.</i></p> <p><i>Sjå også under pkt. 1</i></p> <p><i>Noko gjennomgang av arbeidet og arbeidsmetodane i utvalet. Forklaringar på forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Vise døme på rapporter som er laget tidlegare.</i></p>
16	<p>Folkevaldopplæringa for kommunestyret:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- her bør kontrollutvalet få delta -</li> </ul> <p>Blei roller og ansvar godt nok presentert ved oppstart i førre periode?</p>	<p><i>Bør absolutt være med på folkevalgt-opplæringa.</i></p> <p><i>Viktig spesielt om det er medlemmer som ikkje har sitte i kommunestyret.</i></p>

17	Anna	<p><i>Sørg for at kontrollutvalet har god spreining i alder – synes det har vore ein overvekt av vaksne medlemmer. Det er viktig at ein sørgjer for at yngre også deltar i dette arbeidet – for å sikre at flest moglege synspunkta kjem fram i fortolkinga av tilsyn med forvaltninga.</i></p> <p><i>Det har tatt altfor lang tid å hente inn svar frå administrasjonen, dersom det har dukka opp spørsmål til avklaring.</i></p> <p><i>Leiar, saman med sekretariatet, må kunne innkalle rådmann eller den han peikar ut til å avklare spørsmål som dukkar opp mellom to møte. Kan heller ikkje sjå at instruks for kontrollutval forhindrar dette.</i></p> <p><i>Vet ikkje, men det har vore interessant og lærerikt.</i></p>

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	02.12.19	20/19

<b>Saksansvarleg:</b>	<b>Arkivkode:</b>	<b>Arkivsak:</b>
Toril Hallsjø	033	

## MØTEPLAN FOR 2020 - KONTROLLUTVALET

**Vedlegg:** Oversiktskalender 2020

### Bakgrunn:

Tidligere møtefrekvens har vore 4 møte pr. år, men i budsjettframlegget for 2020 har utvalet lagt inn eit 5. møte, då utvalet meinte det kunne vere trong for det etter mange saker og långe møter i sist periode. Med dette som utgangspunkt er det sett opp framlegg til møteplan for kontrollutvalet for 2020. Dag og tidspunkt for møta er vidareført med **tysdagar kl. 18.00**, slik dei har vore sidan 2004. Utvalet har likevel høve til å drøfte framlegg til dag og klokkeslett. Sekretær vil likevel gjere merksam på at ho også har fire andre utval det må takast omsyn til når det gjeld val av dag.

Møta er opne for publikum og presse, og datoane skal gjerast kjent på kommunen sine nettsider. Det er difor viktig at møteplanen vert halden. Medlemmene må merke seg datoane i sin kalender, og ikkje legge ferier og andre oppdrag til desse fem dagane i året, når dei fyrst har sa ja til vervet.

Tysvær kommunestyre har også møtedag på tysdagar, og då det er lovbestemt at eitt av kontrollutvalsmedlemma også skal vere kommunestyrerepresentant, må kontrollutvalet også ta omsyn til deira møteplan.

### Saksorientering

Fyrste møte på nyåret vil utvalet si årsmelding bli sett på saklista og det vert halden prosessmøte 1, jf sak 25/19. I neste møte i mai vil kontrollutvalet handsama kommunen sin årsrekneskap. I junimøtet vil utvalet kunne ha prosessmøte 2. Til hausten vil rapport og budsjettframlegg bli handsama.

Formannskapet kan ikkje gjere vedtak før rekneskapa har vore handsama i kontrollutvalet, dvs. at innstillingane/uttala skal følgje saka. Tysvær har tidlegare år handsama rekneskapan i kommunestyremøtet i juni. Revisor har frist til 15. april, og sekretariatet gjer framlegg om møtet vert sett til 26. mai. Uttalen vil då bli lagt fram for formannskapet 9. juni og kommunestyret 16. juni.

I september blir budsjettet for kontrollutvalet handsama, og i november møteplanen. Vinterferie og haustferie er planlagt lagt til veke 9 og veke 41, og det har vore tradisjon for ikkje å leggje møte i desse vekene.

Dersom det blir endringar vil det i så fall bli gjeve melding om dette så snart dette er kjent. Vidare er det også mogeleg å ha ekstramøte dersom det skulle vere naudsynt.

### **SEKRETARIATET S ITT FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Tysvær vedtar følgjande møteplan for 2020:

tysdag **04.02, 26.05, 09.06, 15.09 og 10.11 kl. 18.00.**

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Aksdal, 25.11.19



Toril Hallsjø

*Dagleg leiar/utvalssekretær*

TYSVÆR

Oversiktskalender 2020

**Januar 2020**

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
1			1	2	3	4	5
2	6	7	8	9	10	11	12
3	13	14	15	16	17	18	19
4	20	21	22	23	24	25	26
5	27	28	29	30	31		

3 ● 10 ○ 17 ● 24 ●

**Februar 2020**

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
5						1	2
6	3	4	5	6	7	8	9
7	10	11	12	13	14	15	16
8	17	18	19	20	21	22	23
9	24	25	26	27	28	29	

2 ● 9 ○ 15 ● 23 ●

**Mars 2020**

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
9							1
10	2	3	4	5	6	7	8
11	9	10	11	12	13	14	15
12	16	17	18	19	20	21	22
13	23	24	25	26	27	28	29
14	30	31					

2 ● 9 ○ 16 ● 24 ●

FSK = 4  
KST = □  
KU = 0

KU  
04.02

26.05

[09.06]

15.09

10.11

**April 2020**

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
14			1	2	3	4	5
15	6	7	8	9	10	11	12
16	13	14	15	16	17	18	19
17	20	21	22	23	24	25	26
18	27	28	29	30			

1 ● 8 ○ 15 ● 23 ● 30 ●

**Mai 2020**

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
18					1	2	3
19	4	5	6	7	8	9	10
20	11	12	13	14	15	16	17
21	18	19	20	21	22	23	24
22	25	26	27	28	29	30	31

7 ○ 14 ● 22 ● 30 ●

**Juni 2020**

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
23	1	2	3	4	5	6	7
24	8	9	10	11	12	13	14
25	15	16	17	18	19	20	21
26	22	23	24	25	26	27	28
27	29	30					

5 ○ 13 ● 21 ● 28 ●

**Juli 2020**

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
27			1	2	3	4	5
28	6	7	8	9	10	11	12
29	13	14	15	16	17	18	19
30	20	21	22	23	24	25	26
31	27	28	29	30	31		

5 ○ 13 ● 20 ● 27 ●

**August 2020**

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
31						1	2
32	3	4	5	6	7	8	9
33	10	11	12	13	14	15	16
34	17	18	19	20	21	22	23
35	24	25	26	27	28	29	30
36	31						

3 ○ 11 ● 19 ● 25 ●

**September 2020**

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
36			1	2	3	4	5
37	7	8	9	10	11	12	13
38	14	15	16	17	18	19	20
39	21	22	23	24	25	26	27
40	28	29	30				

2 ○ 10 ● 17 ● 24 ●

**Oktober 2020**

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
40				1	2	3	4
41	5	6	7	8	9	10	11
42	12	13	14	15	16	17	18
43	19	20	21	22	23	24	25
44	26	27	28	29	30	31	

1 ○ 10 ● 16 ● 23 ● 31 ○

**November 2020**

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
44							1
45	2	3	4	5	6	7	8
46	9	10	11	12	13	14	15
47	16	17	18	19	20	21	22
48	23	24	25	26	27	28	29
49	30						

8 ● 15 ● 22 ● 30 ○

**Desember 2020**

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
49			1	2	3	4	5
50	7	8	9	10	11	12	13
51	14	15	16	17	18	19	20
52	21	22	23	24	25	26	27
53	28	29	30	31			

8 ● 14 ● 22 ● 30 ○

- 1. jan Nyttårsdag
- 21. jan Prinsesse Ingrid Alexandra, 16 år
- 6. feb Samefolkets dag
- 9. feb Morøsdag
- 14. feb St. Valentines dag
- 21. feb Kong Harald, 83 år
- 23. feb Fastelavn
- 20. mar Vårjevndøgn
- 21. mar Offisielt vårjevndøgn
- 29. mar Sommertid start
- 5. apr Palmesøndag
- 9. apr Skjærtorsdag
- 10. apr Langfredag

- 12. apr 1. påskedag
- 13. apr 2. påskedag
- 1. mai Off. høgtidsdag
- 8. mai Frigjøringsdag 1945
- 17. mai Grunnlovsdag 1814
- 21. mai Kr. Himmelfartsdag
- 31. mai 1. pinsedag
- 1. jun 2. pinsedag
- 7. jun Unionsoppløsning 1905
- 20. jun Sommersølv
- 23. jun Jonsokaften
- 4. jul Dronning Sonja, 83 år
- 20. jul Kronprins Haakon, 47 år
- 29. jul Olsokdagen

- 19. aug Kronprinsesse Mette-Marit, 47 år
- 22. sep Høstjevndøgn
- 25. okt Sommertid slutt
- 31. okt Halloween
- 1. nov Allehelgensdag
- 8. nov Farsdag
- 29. nov 1. søndag i advent
- 13. des Luciadagen
- 21. des Vintersølv
- 25. des 1. juledag
- 26. des 2. juledag



SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	02.12.19	21/19
<b>Saksansvarleg:</b>	<b>Arkivkode:</b>	<b>Arkivsak:</b>
Toril Hallsjø	033	

## GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 01.10.19

**Vedlegg:** Protokoll fra møtet 01.10.19

### Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 01.10.19 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar vil så signere protokollen.

### SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

*Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval den 01.10.19 blir godkjent slik han ligg føre.*

Aksdal, 25.10.19

Toril Hallsjø (sign.)

*Dagleg leiar/utvalssekretær*

## TYSVÆR KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Tysdag 1. oktober 2019 blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Arne Gjerde.

<b>MØTESTAD:</b>	Tysvær rådhus, kantinen
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 16.30 – kl. 17.30
<b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>	Arne Gjerde (H), Øyvind Hellerslien (FrP), Karsten A. Larsen (FrP) i sak 17 og 18, Åse Paulsen (A) og Wenche Hellesund (V)
<b>MØTANDE VARAMEDLEM</b>	Marit Hølland Gjedrem (Sp ) t.o.m. sak 16/19
<b>FORFALL:</b>	Karsten A. Larsen (FrP) t.o.m. sak 16/19 (kl.16.50)
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>	Revisor/partner Roald Stakland, KPMG AS
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Rådmann Sigurd Eikje
<b>MERKNADER TIL INNKALLING</b>	Møtet 17.09.19 var avlyst av leiar 11.09.19 og ny innkalling sendt ut 24.09.19.
<b>MERKNADER TIL SAKSLISTE:</b>	Ingen

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### **SAK 12/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 21.05.19**

##### **Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 21.05.19 blir godkjent slik han ligg føre.

##### **Handsaming i kontrollutvalet 01.10.19:**

Utvalet hadde ingen merknader.

##### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.10.19:**

*Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 21.05.19 blir godkjent slik han ligg føre.*

## SAK 13/19 OPPFØLGING AV SELSKAPSKONTROLL – KARMSUND HAVN IKS

### **Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kommunestyre tar tilbakemeldinga om oppfølging av revisjonsrapporten «Selskapskontroll - Karmsund Havn IKS» til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 01.10.19:**

Utvalsleiar innleia. Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til innstillinga.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.10.19 og innstilling til kommunestyret:**

*Tysvær kommunestyre tar tilbakemeldinga om oppfølging av revisjonsrapporten «Selskapskontroll - Karmsund Havn IKS» til orientering.*

## SAK 14/19 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2019

### **Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2019 frå oppdragsansvarleg revisor Eirik Braut, KPMG AS til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 01.10.19:**

Utvalet hadde merka seg at det var ført opp ein anna revisor enn tidlegare år. Revisor Stakland opplyste at det var av praktiske omsyn ved signering av årsrekneskapen. Han ville fortsatt vere den som var til stades i møta.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.10.19:**

*Tysvær kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2019 frå oppdragsansvarleg revisor Eirik Braut, KPMG AS til orientering.*

## SAK 15/19 BUDSJETT FOR 2020 – KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN - KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG

### **Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval gjer framlegg om budsjett for kontrollarbeidet i Tysvær kommune med ein totalramme på **kr 840 000,- eks mva** for 2020 fordelt med følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	100 000
Kjøp av sekretærtenester (teneste 1100 art 13750)	kr	205 000
Kjøp av revisjonstenester (teneste 1100 art 13700)	kr	535 000

### **Handsaming i kontrollutvalet 01.10.19:**

Utvalssekretær gjorde greie for oppsettet. Utvalet hadde merka seg at det var lagt inn ei auke frå fire til fem møte neste år. Junimøtet vil berre bli halden dersom det er trong for det.

Utvalet slutta seg til framlegg til budsjett slik det var lagt fram.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.10.19 og innstilling til kommunestyret:**

*Tysvær kontrollutval gjer framlegg om budsjett for kontrollarbeidet i Tysvær kommune med ein totalramme på kr 840 000,- eks mva for 2020 fordelt med følgjande:*

<i>Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)</i>	<i>kr</i>	<i>100 000</i>
<i>Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)</i>	<i>kr</i>	<i>205 000</i>
<i>Kjøp av revisjonstjenester (teneste 1100 art 13700)</i>	<i>kr</i>	<i>535 000</i>

### **SAK 16/19 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om ..... til neste møtet i desember 2019.

#### **Handsaming i kontrollutvalet 01.10.19:**

Utvalseiar innleia. Han gjorde framlegg om eit nytt prosjekt innan teknisk etat og om «tekniske tenester». I det nasjonale forvaltningsrevisjonsregisteret hadde han gått gjennom ulike rapporter, mellom anna frå Bømlo kommune, og han kom med følgjande innspel/stikkord til tema som han delte ut:

- 1. Rutinar for kvalitetssikring i plan- og bygningssaker i forhold til sentrale krav i lov- og regelverk.*
  - Likebehandling*
  - Tidsfristar*
  - Habilitetsvurderingar*
  - Offentlegheit*
  - Dispensasjonssaker*
- 2. Servicemål og rutinar i forhold til sikring av god informasjon, rettleiing og service til publikum i samband med tekniske saker.*
- 3. Bruk av tilbakemeldingar frå brukarane i forhold til utvikling av tenestene.*
- 4. Rutinar/vedtaksmalar/sjekkliste som bidrar til å sikre at krav i forvaltningslova blir følgd i samband med behandling av bygg/dispensasjonssaker.*
- 5. Oppfølging av politiske vedtak – samspel med politiske nivå.*

Åse Paulsen hadde framlegg om eit prosjekt frå den uprioriterte lista: «*Etterlevingar regelverk innanfor sosiale tenester i NAV – kommunal del*».

Øyvind Hellerslien hadde vore innstilt på å gjere framlegg om å utsetje saken til nytt utval, men ønskte å støtte framlegget til leiar. Paulsen meinte også at teknisk sektor var eit viktig område, kor kommunen fekk mange klager.

Rådmannen viste til administrasjonen si misnøye med tidlegare rapporter. Dei har i etterkant hatt dialog med revisjonen og at det var lova meir bruk av seniorar ved utarbeiding av framtidige rapporter. Han viste også til at jo fleire dispensasjonar som blei innvilga frå gjeldande reguleringsplan, jo vil fleire vil klage på vedtak.

Utvalet blei samd om å velje eit prosjekt innan tekniske tenester. Utvalet oppfordra det nye utvalet til å vere nøye med å velje ut aktuelle problemstillingar.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.10.19:**

*Tysvær kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om tekniske tenester til neste møtet i desember 2019.*

**SAK 17/19 EVALUERING AV KONTROLLARBEIDET I PERIODEN 2015-2019**

**Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval godkjenner innspela som har blitt sendt inn om evaluering av kontrollarbeidet i perioden 2015-2019.

Evalueringa vert lagt fram for kontrollutvalet som referatsak i neste møte.

**Handsaming i kontrollutvalet 01.10.19:**

Utvalssekretær gjekk igjennom vedlegg. Utvalet hadde ingen fleire tillegg enn dei som var tatt inn i vedlagt skjema. Utvalsleiar meinte at vedtaket kunne endrast til at innspela blei tatt til orientering. Utvalet støtta framlegget.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.10.19:**

*Tysvær kontrollutval tar innspela som har blitt sendt inn om evaluering av kontrollarbeidet i perioden 2015-2019 til orientering.*

*Evalueringa vert lagt fram for kontrollutvalet som referatsak i neste møte.*

**SAK 18/19 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 01.10.19**

32. Statusrapport pr. september 2019
33. Kulturdepartementet sitt svar vedk. Tysvær Vektløfterklubb dagsett 26.06.19
34. Kommentar frå Dag Rønnevik, Tysvær Vektløfterklubb i e-post 04.07.19
35. Kommunestyrevedtak 18.06.19 sak 32/19 – Oppfølging av rapport - Økonomistyring
36. Kommunestyrevedtak 18.06.19 sak 33/19 – Oppfølging av rapport – Investeringar
37. Komm.styrevedtak 18.06.19 sak 34/19 – Rapport – Kvalitet innanfor pleie og omsorg
38. Kommunestyrevedtak 18.06.19 sak 35/19 – Revisjonsavtalen- bruk av opsjon
39. Generalforsamlingsprotokoll av 11.06.19 - Haugaland Kraft AS
40. Generalforsamlingsprotokoll av 11.06.19 - Haugaland Næringspark AS
41. Representantskapsprotokoll av 28.06.19 – Haugaland Brann og redning IKS
42. Innkalling til møte i havneråd/repr.skap 05.09.19 – Karmsund Havn IKS
43. NKRF – Rettsikkerhet – en del av fellesskapets verdier»
44. Valg av kontrollutvalg for perioden 2019-2023 – brev fra FKT 01.07.19

**Handsaming i kontrollutvalet 01.10.19:**

Sekretær gjekk igjennom sakene. Utvalet hadde ingen spesielle merknader, med unnatak av at det ble presisert at i følgje vedtatt reglement skal kontrollutvalet ha same folkevaldopplæring som kommunestyremedlemmene. Rådmannen opplyste at opplæringa er sett til 28-29.11.19 på Stord.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.10.19:**

*Kontrollutvalet tar referatsakene 32 - 44 til orientering.*

**EVENTUELT**

Habilitet

Øyvind Hellerslien stilte spørsmål knytt til kommunestyremedlem sin habilitet når det gjeld deltaking i ulike grupper på sosiale media. Rådmannen var klar på at ein ikkje blei eller var ugild om ei medlem var sterkt engasjert og ga uttrykk for sitt syn i forkant av kommunestyrehandsaminga, men noko anna var om det var lurt.

Ingen saker elles var meldt eller tatt opp.

Utvalsleiar, medlemmane og sekretær takka kvarandre for godt samarbeid i løpet av desse fire åra. Utvalsleiar blei spesielt takka for si møteleiing og at han alltid hadde vore så godt førebudd.

**Neste møte**

I følgje møteplan: tysdag **3. desember** 2019, kl. 18.00 (nytt kontrollutval)

Aksdal, 1. oktober 2019

Arne Gjerde (sign.)  
kontrollutvalsleiar

  
Toril Hallsjø (sign.)  
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utvalg	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalget	02.12.19	22/19

Saksansvarlig:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

## BESTILLING AV RISIKO- OG VESENTLEGHEITSVURDERINGAR OG PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPSKONTROLL 2020 - 2024 FOR TYSVÆR KOMMUNE

**Vedlegg:** Prosjektplan utarbeida av KPMG AS , november 2019

### Saksorientering

Kontrollutvalet skal i tråd med ny kommunelov § 23.2 annet ledd «*minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner*» og etter kommunelov § 23-4 «*utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres.*»

Ny plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll er det kommunestyret sjølv etter innstilling frå kontrollutvalet som skal vedta. Planen «*baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens virksomhet og virksomheten i kommunens selskaper*» (tidligere kalla «Overordna analyse»). «*Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon/ eierskapskontroll.*»

Kontrollutvalet må også ha ein prosess der ein ber om innspel frå både politisk og administrativt hald, før endeleg plan vert gjort klar til handsaming i kommunestyret hausten 2020.

Analysen kan bli gjort av enten sekretariatet eller av revisor. Sekretariatet meiner at det er revisor som kjenner kommunane best, og som difor bør gjennomføre denne analysen.

KPMG har vore revisor for Tysvær kommune i mange år og kjenner organisasjonen svært godt. Det gjer at selskapet vil ha eit godt grunnlag for å gjennomføre dette arbeidet på ein god måte.

Kontrollutvalet bør drøfte enkelte føringar for gjennomføring av arbeidet. Slike føringar kan til dømes vere kven som bør involverast i gjennomføringa av risiko- og vesentlegheitsvurderinga, kontrollutvalet sjølv si involvering i arbeidet, kor djupt analysen skal gå (omfanget), kor mange timar skal ein kunne bruke på jobben og når skal arbeidet leverast ferdig til kontrollutvalet for endeleg handsaming. Denne drøftinga bør gå fram i ei skisse for vidare framdrift i saka.

Det skal også utarbeidast plan for eigarskapskontroll i løpet av 2020, og det vil vere føremålstenleg og kostnadssparande å sjå arbeidet med utarbeiding av begge planane under eitt. Dersom ein skal dele dette arbeidet opp i eit prosjekt innan forvaltningsrevisjon, og eit prosjekt innan eigarskapskontroll, vil det truleg føre til meir ressursbruk.

Sekretariatet bad KPMG AS utarbeide framlegg til prosjektplan for arbeidet med gjennomføring av risiko- og vesentlegvurderingar av Tysvær kommune si verksemd og kommunen sine selskap i brev av 16.10.19. Prosjektplanen måtte omfatte utarbeiding av framlegg til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024, inkludert ressursbruk og forventa levering.

Det blei sett krav om at prosjektplanen skulle omfatte:

- a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering av Tysvær kommune si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap skal gjennomførast.
- b. Framlegg til korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 skal gjennomførast.

Prosjektplanen følgjer saka som vedlegg. KPMG har berekna at det vil ta totalt 140 timar å gjennomføre prosjektet.

### **Konklusjon**

Sekretariatet vil foreslå at kontrollutvalet planlegg å handsama ny plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll på følgjande måte:

- februar: diskutere og vurdere risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde og knytt til drifta i selskap der kommunen har eigarinteresser, og å gjere ei fyrste vurdering av aktuelle prosjekt.
- juni: kontrollutvalet gjer endeleg prioritering av dei enkelte prosjekta på grunnlag av innspel. Som grunnlag for diskusjonen i møtet vil analysedokumenta vere ferdiggjort. I dokumenta vil alle data som er samla inn bli presentert i ei risikovurdering, inkludert det som ble samla inn frå møtet i februar.
- september: utkast til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll vert lagt fram for utvalet for endeleg godkjenning og vidaresending til kommunestyret, eller til ny handsaming i neste møte.
- november: Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020 – 2024 blir vedtatt eller på ny til handsaming av kontrollutvalet og vidaresendt kommunestyre for slutthandsaming.

I kontrollutvalet si innstilling til budsjett for 2020 er det lagt inn ca. 360 timar til kjøp av revisjonstenester, og truleg vil kommunestyret følgje utvalet si innstilling. Budsjettet vil då vere på kr 535 000 og skal dekke den faste rekneskapsrevisjonen og kjøp av andre tenester, slik som forvaltningsrevisjon og utarbeiding av analyser og planar.



**SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:**

*Tysvær kontrollutval bestiller risiko- og vesentlegheitvurderingar og Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020 - 2024 for Tysvær kommune slik den ligg føre i vedlagt prosjektplan/ med desse endringane.*

*Ramma vert sett til 140 timar.*

Aksdal, 25.11.19



*Toril Hallsjø*

Dagleg leiar/utvalgssekretær



KPMG AS

Telephone +47 04063  
Internet [www.kpmg.no](http://www.kpmg.no)  
Enterprise 935 174 627 MVA

Haugaland  
Kontrollutvalgssekretariat IKS  
Mottatt dato: 15.11.19  
Journalført: 19/4 28/4ha  
Arkivkode: 216

VEDHEG  
SAK 22/19

## Risiko- og vesentlegheitsvurderingar – prosjektplan for forvaltningsrevisjon i Tysvær kommune – prosess og timeestimat

Nedanfor har vi for overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon i Tysvær kommune skildra:

1. Korleis arbeidet er tenkt gjennomført
2. Ressursbruk / timeestimat

### 1. Korleis arbeidet er tenkt gjennomført

Målet for kommunen er å få på plass ein plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Denne skal bygge på ei overordna analyse av kommunen si verksemd ut i frå analysar av risiko og vesentlegheit. Etter vår vurdering er risikoanalysar sentralt i den overordna analysen, ikkje minst analysar knytt til risiko for manglande kontroll på vesentlege sider ved verksemda. Av den grunn har vi vektlagt å gjennomføre nettopp analysar med utspring i risiko og vesentlegheit. Meir konkret inneberer dette å prosessuelt gjennomføre ei risiko- og vesentlegheitsanalyse av verksemda kor vi ynskjer samspel med kommunen; administrasjon, politikarar og sekretariat for kontrollutvalet. Vi ser for oss å dele arbeidet i 4 hovudbolkar:

- 1) Kartleggje og forstå kommunen
- 2) Workshops med kommunen for å etablere og verifisere moglege område for forvaltningsrevisjon
- 3) Dokumentere analysar
- 4) Utarbeide plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Vi vektlegg ikkje å kartlegge og utgreie konsept og teoretiske metodikkar for styring og internkontroll i kommunen.


Vi ser for oss følgjande steg i prosessen:

#### Offices in:

Oslo	Haugesund	Stavanger
Alta	Knarvik	Stord
Arendal	Kristiansand	Straume
Bergen	Larvik	Tromsø
Bodo	Mo i Rana	Trondheim
Elverum	Molde	Tynset
Finnnes	Narvik	Tønsberg
Grimstad	Sandefjord	Ålesund
Hamar	Sandnessjøen	

KPMG AS, a Norwegian member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening.



Dei skisserte stega inneberer samhandling mellom revisor, kontrollutvalet, sekretariat og kommunen sin administrasjon. Kontrollutvalet vil ha kontroll med prosessen undervegs gjennom bestilling og føringar og diskusjon i møte.

Vi understreker at dette er eit forslag til prosess og innhald for overordna analyse. Det vil vere naturleg å diskutere dette nærmare med kontrollutvalet.

## 2. Ressursbruk / timeestimat

Skissert tilnærming medfører eit ressursforbruk på om lag 140 timar.

Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan:

	November				Desember				Januar					Februar				Mars				April				Mai					
Faser + aktiviteter	45	46	47	48	49	50	51	52	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22	23
<b>Forberede</b>																															
Etablere prosjektplan																															
Godkjenning prosjektplan KU																															
<b>Starte opp</b>																															
<b>Gjennomføre</b>																															
Dokumentanalyse																															
Innspill fra kommunen																															
Analyse																															
Kvalitetssikring																															
Rapportutkast																															
<b>Rapport</b>																															
Ferdigstille rapportutkast																															
Oversending av rapport																															
Presentasjon KU																															

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	02.12.19	23/19

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

## PROSJEKTPLAN - FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - «RUTINAR FOR KVALITETSSIKRING I PLAN- OG BYGGESAKER»

**Vedlegg:** KPMG: Prosjektplan- «Rutinar for klavitetsikring i plan- og byggesak»  
(fordeling av timane er ikkje off., OFL § 13/Forv.§ 13)

### Saksorientering:

I møtet 01.10.19, sak 16/19 bad kontrollutvalet revisjonen om å legge fram utkast til prosjektmandat på eit forvaltningsprosjekt innen tekneiksl tenester til neste møtet. Utkast til plan blei oversendt sekretariatet 21.11.19.

### Bakgrunn

Det var førre utvalsleiar gjorde framlegg om eit nytt prosjekt innan teknisk etat og om «tekniske tenester». Han kom med innspel/stikkord til tema:

1. *Rutinar for kvalitetssikring i plan- og bygningssaker i forhold til sentrale krav i lov- og regelverk.*
  - Likebehandling
  - Tidsfristar
  - Habilitetsvurderingar
  - Offentlegheit
  - Dispensasjonssaker
2.  *Servicemål og rutinar i forhold til sikring av god informasjon, rettleiing og service til publikum i samband med tekniske saker.*
3.  *Bruk av tilbakemeldingar frå brukarane i forhold til utvikling av tenestene.*
4.  *Rutinar/vedtaksmalar/sjekkliste som bidrar til å sikre at krav i forvaltningslova blir følgt i samband med behandling av bygg/dispensasjonssaker.*
5.  *Oppfølging av politiske vedtak – samspel med politiske nivå.*

Rådmannen viste til at jo fleire dispensasjonar som blei innvilga frå gjeldande reguleringsplan, jo vil fleire vil klage på vedtak. Utvalet blei samd om å velje eit prosjekt innan tekniske tenester og ville oppfordre det nye utvalet til å vere nøye med å velje ut aktuelle problemstillingar.

Revisjonen har i etterkant av møtet hatt samtale med seksjonsleiar forvaltning og kommunalsjef teknisk og innhenta oversyn gjennom kommunen sine heimesider og planverk.

### Føremål og problemstillingar

Formålet med forvaltningsrevisjonen er å vurdere om Tysvær kommune etterlever krav etter lovverk, internkontroll og i delegasjonsreglementet til sakshandsaming innanfor plan- og byggesaker.

Forvaltningsrevisjonen vil vere forbetningsorientert, og vil ha som føremål å gje tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer avvik eller mogelege forbetningsområde.

På bakgrunn av føremålet er følgjande problemstillingar foreslått:

#### **1. For eit utval av plan- og byggesaker; i kva grad etterlevast krava til sakshandsaming, irekna:**

- a. Krav etter lovverket?**
- b. Krav etter eigen internkontroll?**
- c. Krav i delegasjonsreglementet?**

Ved å plukke ut enkeltsaker vil dei i forvaltningsrevisjonen i djubda undersøke korvidt kommunen si sakshandsaming er i samsvar med lovkrava.

Vidare vil dei gjennomgå kommunen sin internkontroll, og undersøke korvidt kommunen etterlev eigne krav om internkontroll i sakshandsaminga. I dette vil rutinar for kvalitetssikring inngå og faktisk etterleving av krav til likebehandling, tidsfristar, habilitetsvurderingar, offentlegheit og dispensasjonssaker vil også inngå. Ved å vurdere etterlevinga av lovverk og internkontroll, vil vi også undersøke korleis kommunikasjonen mellom søkarar og kommunen føregår.

Vidare vil dei undersøke kor vidt delegasjonsreglementet vert etterlevd; kor saker vert avgjort og om samspelet mellom politisk og administrativ handsaming fungerer etter reglement og rutinar.

### Ressursbruk

Slik prosjektet nå ligg føre er det estimert ein ressursbruk på **220 timar**. Timane er innanfor det som kommunestyret har bevilga tidlegare år og det som er føreslått som ramme i 2020.

Av metode som vil bli nytta er nemnt case, dokumentanalyseog bruk av intervju.

Når det gjeld aktivitets- og framdriftsplan har KPMG tidlegare bede om at det ikkje vert gjort offentleg, då den syner selskapet si disponering av ressurar. Dette teke ut på side 8 med heimel i Off.love § 13/Forv. Lov § 13 og legg den berre fram i møtet dersom det blir etterspurt.

KPMG skriv at oppstart vil vere i desember. På nyåret vil de samle inn og analysere data. Rapportsskriving vil skje fram til februar og høyring vil skje etter det. Levering av endeleg rapport vil skje på våren og vil då bli lagt fram for kontrollutvalet sitt møte i mai. Kommunestyret vil då få rapporten til sitt møte i juni.


Kontrollvalet må før endeleg bestilling ta stilling til om dei framlagde problemstillingane dekkjer det kontrollutvalet ønskjer å oppnå med prosjektet.

**SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:**

*Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet "Rutinar for kvalitetsikring i plan- og byggesaker»» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre/ evt. med desse endringane:*

*Ramma vert sett til 220 timar.*

Aksdal, 25.11.19



Toril Hallsjø

*Dagleg leiar/utvalssekretær*

VEDLEGG SAK 23/19



Haugaland  
Kontrollutvalgssekretariat IKS  
Mottatt dato: 21.11.19  
Journalført: 19/4 32/416  
Arkivkode: 216

# Prosjektplan

**Plan- og byggesak**  
Tysvær kommune

November 2019

[www.kpmg.no](http://www.kpmg.no)



# Innhold

<b>1. Innleiing</b>	<b>2</b>
1.1 Bakgrunn	2
1.2 Førebuing	2
1.3 Forslag til tilnærming	4
<b>2. Føremål, problemstillingar og revisjonskriterier</b>	<b>5</b>
2.1 Føremål	5
2.2 Problemstillingar	5
2.3 Revisjonskriterier	5
<b>3. Tilnærming</b>	<b>7</b>
3.1 Metode	7
3.2 Aktivitets- og framdriftsplan	8
<b>4. Utførande revisorar</b>	<b>9</b>
4.1 Prosjektteam	9
<b>5. Honorar</b>	<b>10</b>

# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet i Tysvær vedtok 01.10.2019 i sak 03/19 å bestille ein prosjektplan for ein forvaltningsrevisjon om "Rutiner for kvalitetssikring i plan- og byggesak" frå KPMG.


## 1.2 Førebuing

Det er eit mål å utarbeide ein god prosjektplan med relevante og vesentlege problemstillingar for ein forvaltningsrevisjon. KPMG har gjennomført ein prosess for å konkretisere føremål og problemstillingar. Vi har innhenta oversikt gjennom fylgjande:

- ✓ Samtale med seksjonsleiar forvaltning og kommunalsjef teknisk i Tysvær kommune
- ✓ Kommunen sine heimesider og planverk
- ✓ Lovverk omkring plan- og byggesaker

### 1.2.1 Organisering av plan og byggesak i Tysvær kommune

Plan- og byggesaker vert handtert av seksjon forvaltning, som er ein del av resultatområdet teknisk. Forvaltningsseksjonen har også ansvar for kart og oppmålingstenester i kommunen. Teknisk avdeling er organisert på fylgjande måte:



Figur 1. Organisasjonskart Teknisk

Informasjon om søknadsprosessen for byggesaker, og skjema for utfylling av søknad, er tilgjengeleg under seksjon forvaltning si nettside på kommunen si heimeside.<sup>1</sup> Det er også tilgjengeleg informasjon om kommunen sitt plan- og reguleringsarbeid på heimesidene.<sup>2</sup>

Kommunen sitt planverk blir vedteke av kommunestyret.

## 1.2.2 Lovverk

*Lov om planlegging og byggesaksbehandling* (plan- og bygningsloven) regulerer kommunen sine oppgåver som plan- og bygningsmynde. Lova er delt i seks delar, kor andre del omhandlar plan og fjerde del byggesaker. Kommunen har ansvar for å utføre oppgåvene som dei etter lova, med forskrifter, skal utføre - irekna ansvar for at lovgjevinga blir overheldt.

Plandelen regulerer krav til kommunen si planlegging og kommunen sine planoppgåver. Kommunestyret skal leie den kommunale planlegginga og sørgje for at plan- og bygningslovgjevinga blir fylgt i kommunen. Kommunestyret skal vidare vedta kommunal planstrategi, kommuneplan og reguleringsplan.

Byggesaksdelen, § 20-2, regulerer kva form for tiltak kor det er nødvendig å søkje kommunen, som plan- og bygningsmynde, om løyve. Tiltak delast i tre kategoriar:

- ✓ Søknadspliktige tiltak med krav om ansvarlege føretak (§ 20-3)
- ✓ Søknadspliktige tiltak som kan forvaltest av tiltakshavar (§ 20-4)

Tiltakshavar er her den person eller føretak tiltaket utførast på vegne av.

- ✓ Tiltak unndrege søknadsplikt (§ 20-5)

Kapittel 21 regulerer handsaminga av søknadar. Førehandskonferanse kan arrangerast for å avklare rammer og innhald i tiltaket. Søknaden skal vere skriftleg og underteikna av tiltakshavar og søkjar. Tiltaket skal underleggjast uavhengig kontroll. Søknaden skal innehalde dokumentasjon på at naboar er varsla på lovleg måte. Eventuelle merknadar frå naboar og andre myndigheiter skal leggjast ved søknaden. Kommunen har samordningsplikt med øvrige offentlege myndigheiter. Søknadar etter § 20-2 skal handsamast snarast mogleg og seinast innan 12 veker. Ved overskriding av fristen skal kommunen tilbakebetale byggesaksgebyret. Søknadar etter § 20-3 og § 20-4 skal avgjerast innan 3 veker om det er i samsvar med avgjersler gitt i denne lova og om det ikkje føreligg merknadar frå naboar eller andre myndigheiter. Søknadar som krev dispensasjon frå plan skal avgjerast innan 12 veker. Søknadar om igangsetjing skal handsamast og ferdigattest utstedast innan 3 veker.

§ 23-3 gir krav til ansvarlege føretak, som skal oppfylle krava som fylgjer av forskrifter om ansvarsrett. Ansvarsrett finn stad ved at signert erklæring sendast til kommunen. Kommunen skal treffe vedtak om å frata føretak ansvarsrett ved alvorlege brot på lova eller løyve gitt av lova, eller om kommunen finn ut at føretak ikkje oppfyller krava i forskrifter om ansvarsrett.

Sakshandsaminga av plan- og byggesaker blir vidare regulert i byggesaksforskriften.

*Forvaltningsloven*, med dei særlege avgjersler gitt i denne lova, er gjeldande for plan- og byggesaker. Det kan ikkje klagast på forhold avgjort i bindande reguleringsplan, ved dispensasjon eller i tidlegare vedtak i byggesaka, og kor klagefristen for desse vedtaka er gått ut. Statlege organ kan klage om vedtaket direkte omhandlar vedkommande mynde sitt saksområde. Ein kvar har rett til dokumentinnsyn etter offentleglova og miljøinformasjonsloven.

<sup>1</sup> <https://www.tysver.kommune.no/byggesoknad/bygge-rive-eller-endre/bygge-rive-eller-endre#hva-skal-du-bygge>

<sup>2</sup> <https://www.tysver.kommune.no/plan-bygg-og-eige-dom/>

## 1.3 Forslag til tilnærming

Forslag til tilnærming i denne forvaltningsrevisjonen byggjer på innspel frå kontrollutvalet i møte 01.10.2019 og samtale med kommunalsjef for teknisk og seksjonsleiar forvaltning i Tysvær kommune. I forvaltningsrevisjonen vil vi fokusere på:

- ✓ Etterleving av lovkrava til byggjesaker
- ✓ System for og etterleving av internkontroll innan plan- og byggesaker
- ✓ Samspelet mellom politikk og administrasjon i byggesaker i høve delegasjonsreglementet

### Etterleving av lov og forskrift

Kommunen har ansvar for at lovgjevinga omkring plan- og byggesakshandsaming, inkludert plan- og bygningsloven, blir overheldt. Plan- og bygningsloven med forskrifter og forvaltningsloven stiller tydelege krav til kommunen si sakshandsaming av byggesakssøknadar. Til dømes blir det sett tidsfristar for handsaminga av ulike typar søknadar. Her foreslår vi at revisjonen fokuserer på etterlevinga av krava knytt til kommunen si sakshandsaming av byggesaker i konkrete byggesaker.

### Internkontroll

Ny og gamal kommunelov set krav til at det etablerast system og rutinar for å sikre at organisasjonen etterlev gjeldande krav. KS sine rettleiarar "85 tilrådingar for styrkja eigenkontroll" og "Rådmannens internkontroll" gir rettleiing til kommunar i korleis ein betryggjande kontroll skal sikrast:

- ✓ Dokumentere internkontrollen
- ✓ Ha, bruke og vedlikehalde dokument som gjer greie for roller og ansvar
- ✓ Ha ein systematisk tilnærming til kompetanseutvikling og -sikring
- ✓ Prioritere nok ressursar til den løpande internkontrollen
- ✓ Etablere tiltak for god løpande informasjon og kommunikasjon til leiarar og medarbeidarar
- ✓ Følgje opp internkontrollen systematisk og reagere ved avvik og brot (ha et avvikssystem)

I ny kommunelov § 25 setjast det krav til at internkontrollen skal vere systematisk og tilpassast verksemda si størrelse, aktivitetar og risikoforhold. Kommunedirektøren er ansvarleg for internkontrollen, og skal:

- ✓ Utarbeide ei skildring av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering
- ✓ Ha nødvendige rutinar og prosedyrar
- ✓ Avdekkje og følgje opp avvik og risiko for avvik
- ✓ Dokumentere internkontrollen i den form og omfang som er nødvendig
- ✓ Evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll

Vi foreslår at vi i denne revisjonen fokuserer på kommunen sitt system for internkontroll innan plan- og byggesak, samt etterlevinga av dette systemet i praksis.

### Delegasjonsreglementet

Tysvær kommune sitt delegasjonsreglement tydeleggjer kven som har fått delegert mynde for dei ulike saks- og fagområda. Ved å gå gjennom konkrete byggesaker, vil vi kunne vurdere korvidt desse er handsama i samsvar med delegasjonsreglementet og korleis samspelet mellom politikk og administrasjon fungerer i byggesaker

# 2. Føremål, problemstillingar og revisjonskriterier

## 2.1 Føremål

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å vurdere om Tysvær kommune etterlever krav etter lovverk, internkontroll og i delegasjonsreglementet til sakshandsaming innanfor plan- og byggesaker.

Forvaltningsrevisjonen vil vere forbetningsorientert, og ha som føremål å gi tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer forbetningsområde.

## 2.2 Problemstillingar

På bakgrunn av føremålet blir fylgjande hovudproblemstilling føreslått:

1. For eit utval av plan- og byggesaker; i kva grad etterlevast krava til sakshandsaming, irekna:
  - a. Krav etter lovverket?
  - b. Krav etter eigen internkontroll?
  - c. Krav i delegasjonsreglementet?

Ved å plukke ut enkeltsaker vil vi i forvaltningsrevisjonen i djubda undersøke korvidt kommunen si sakshandsaming er i samsvar med lovkrava.

